



Inspeksjonsrapport frå inspeksjon av Haugholet slambehandlingsanlegg

Dato for inspeksjonen: 30. juni 2017

Saksnr.: 2017/5182

Deltakarar ved inspeksjonen:

<u>Frå bedrifta:</u> Terje Hoel – Teknisk sjef Terje Mork – Fagleiar kommunalteknikk	<u>Frå Fylkesmannen:</u> Linn C. M. Rueslåtten Tore Pedersen
--	--

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar resultat frå inspeksjon av Haugholet slambehandlingsanlegg den 30. mai 2017. Rapporten er å anse som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil innan tre veker etter at rapporten er motteke.

Fylkesmannen fann 1 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik: Verksemda langtidslagrar slam utover 5 år.

Avviket er nærmare beskrive på side 3 i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmare beskrive på side 2.

23.10.2017

Linn C. M. Rueslåtten

Vebjørn Knarrum

dato

kontrollør

avdelingsdirektør

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg enhet

Namn: Lom kommune sentraladministrasjon	
Organisasjonsnr.: 974592231	Eies av: 959377677
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 – Generell offentlig administrasjon	

Kontrollert enhet

Namn: Haugholet slambehandlingsanlegg	Anleggsnr.: 0514.0026.01
Kommune: Lom kommune	Fylke: Oppland
Anleggsaktivitet: Biologisk behandling av org. avfall	
Løyve gitt: Juni 1999	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova, forureiningsforskrifta, avfallsforskrifta og internkontrollforskrifta overhaldast. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannens risikobaserte industritilsyn for i år.

Rapporten omhandlar avvik og merknadar som vart avdekke under inspeksjonen og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemdas miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: Et forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendig å påpeke for å ivareta ytre miljø, men som ikkje omfattast av definisjonen for avvik.

Andre forhold: Sakar som framkom under inspeksjonen og som det kan være nyttig for verksemda og saksamhandlare å kjenne til. Her kan også inngå kommentarar til tema som vart teke opp under inspeksjonen, men der det ikkje ble gjeve avvik eller merknadar.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Lom kommune pliktar snarast å rette opp avviket som er beskive i rapporten. Vi ber om en skriftleg attendemelding innan 17. november 2017 med nærmare beskriving av korleis verksemda vil følge opp avviket. Dersom det ikkje lar seg gjere å rette opp avviket innan fristen, må attendemeldinga innehalde en forpliktande og realistisk handlingsplan som viser korleis og når avviket vil være retta.

Vi ber om at de stilar svarbrevet til Fylkesmannen i Oppland v/Linn C. Myhrer Rueslåtten, anten per post til postboks 987, 2604 Lillehammer, eller e-post fmoppost@fylkesmannen.no.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannens kontrollørar varsla under tilsynet at Lom kommune vil bli ilagt eit gebyr på kr 7500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette tilsvara sats 4.

5. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil være tilgjengeleg for offentlegheita via Fylkesmannens postjournal på www.fylkesmannen.no/oppland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fant følgende avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda langtidslagrar slam utover 5 år.

Avvik frå:

Løyve til mellomlagring av avløpsslam for Haugholet avfallsplass, punkt 2.1.2. og vilkårssett til løyvet, punkt 2.4.

Kommentarar:

Det er eit krav i løyvet (vilkårssettet, punkt 2.4.) at ferdigbehandla slam skal nyttast vidare. Ein del av slammet som kjem til behandling på Haugholet har for høgt innhald av tungmetallar ihht krav i gjødselvereforskrifta og kan av den grunn ikkje nyttast vidare. Fram til no har dette slammet blitt tatt ut og lagra for seg inne på anlegget. Kravet om nyttegjering er også vanskeleg å overhalde fordi både Lom kommune og nabokommunane har god dekning av husdyrgjødsel og behovet for behandla avløpsslam til jordforbetningsfremål i regionen er derfor lite. Det er heller ikkje mange nydyrkingssakar eller samferdselsprosjekt kor behandla avlaupsslam kan brukast som toppdekke/vekstlag ved ferdigstilling av prosjekta. Ferdigbehandla avlaupsslam vert difor liggande på Haugholet lenger enn det som er tillate. Ein reknar med at deler av det ferdige slammet som ligg på Haugholet i dag er 8-10 år gammalt. Det føreligg løyve for mellomlagring av avlaupsslam i Haugholet, datert juni 1999. I vilkårssettet, punkt 2.1.2, framgår det at lagring av slam ut over 5 år krev løyve til deponering. Det er i avfallsforskrifta kap. 9 også spesifisert at dersom lagringstida på slam er meir enn eitt år før slammet går til sluttbehandling eller meir enn tre år før slammet går til gjenvinning eller behandling, krevst det løyve til deponering etter forureiningslova.

7. Merknadar

Vi har ingen merknader etter inspeksjonen.

8. Andre forhold

Lagringstida for slam på Haugholet er i strid med lovverket ettersom dette skjer utan at det er gitt særskilt løyve til deponering. Lom kommune kan heller ikkje rekne med å få løyve til deponering av slam. Når ein også veit at kommunen manglar stadar og/eller prosjekt der dei kan nytte det ferdigbehandla slammet vidare anbefal Fylkesmannen at Lom kommune startar ein kartlegging av kva moglegheiter som finns for at kommunen skal kunne ivareta avlaupsslammet innanfor gjeldande regelverk. Ein bør vurdere både kva endringar som skal til for at kommunen skal kunne fortsette å ivareta slammet sjølv på en slik måte at ein får omsetning på det ferdige produktet, men også moglegheitene for å transportere slammet til andre anlegg med betre teknologi og løysningar for å ivareta denne typen avfall. Dersom kommunen kjem fram til at det er mest

hensiktsmessig at kommunen fortset å ta hand om avlaupsslammet sitt sjølv, må utsleppsløyvet fornyast. Gjeldande utsleppsløyve er frå 1999, og er delvis utdatert mellom anna med omsyn til lovgrunnlaget.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) med underliggende forskrifter
- Lov om kontroll med produkt og forbrukertjenester (produktkontrollova) med underliggende forskrifter
- Forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen
- Pålegg/vedtak i korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen